
Fra: Eirik Søyland Herdlevær <Eirik.Herdlever@museumvest.no>
Sendt: fredag 17. april 2020 13:09
Til: Janine Bratland Andersen
Kopi: 'Jostein Aksdal (Jostein.Aksdal@hfk.no)'
Emne: 19/1321 - 20/7119 - Oversender søknad til uttale - gbnr 78/7 Geitrheim

Vedr. Oversender søknad til uttale - gbnr 78/7 Geitrheim. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteken 03.04. 2020.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Geitrheim gbnr. 78/7 i Osterøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Eirik Herdlevær | Bergens Sjøfartsmuseum
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 02 |
www.museumvest.no



Fra: Per Kristian Sebak <Per.Sebak@museumvest.no>
Sendt: fredag 3. april 2020 14:09
Til: marinarkeologi <marinarkeologi@museumvest.no>
Emne: Oversender søknad til uttale - gbnr 78/7 Geitrheim

Per Kristian Sebak | Bergens Sjøfartsmuseum
Avdelingsdirektør | + 47 55 54 96 01
www.museumvest.no